

MÅNESTRÅLE

Månestråle kjem ned til oss
når det går mot natt
Vesle Bjørn har lagt seg,
og mæl snart som ein katt
Gamle Han-Som-Skravlar flettar
minne natt og dag
om då han var ung
og reid fremst i slag

Snart stig månen opp bak svarte tre
Kven kan nå ho viss ho kjem hit ned?

Kvite Hår er trøytt og må
finne seg eit fjell
Han skal møte ånda
som ventar der i kveld
Og når ørna lettar -
svingar over svarte gjel
veit vi han har møtt
sin totem, alt er vel

Draume-Fangar reiser til
eit land i skoddeslør
Snakkar med dei gamle
bak støv og tid og glør
Månestråle kjem ned til oss
når det går mot natt
Månestråle vaktar på
sin mjuke skatt
